



Advokatfirma Høgseth DA
Andreas Nylund
Litleåsvegen 41
5132 NYBORG

Referanser:
Dykkar: 119181
Vår: 19/30 - 19/38385

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
17.12.2019

Innvilga sakskostnader - gbnr 148/7 Litleskare

Administrativt vedtak. Saknr: 792/19

Tiltakshavar: Jim Børge Lilleskare
Heimel: Plan- og bygningslova (pbl.) § 32-4

Bakgrunn for omgjerung av vedtak

Det vart gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom på ca. 1500m² med etablert kårbusstad (våningshus nr.2 på garden) frå gbnr 148/7 i vedtak datert 10.06.2019. Klage på avslag på søknad om dispensasjon for frådelling av ny bustadtomt – gbnr 148/7 vart tatt til følge av plan- og miljøutvalet (PMU) i vedtak, datert 30.10.2019.

Kommunen si vurdering

Heimelen for dekning av sakskostnader går fram av forvaltningslova (fvl.) § 36 første ledd:

«Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket, med mindre endringen skyldes partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltningens kontroll, eller andre særlige forhold taler mot det.»

Kommunen sin omgjerung av vedtak datert 10.06.2019 førte til at vedtaket «er endret til gunst» for klagar. Hovudregelen er at parten skal få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader som knyter seg til endringa av vedtaket, jf. fvl. § 36 og Justisdepartementet sitt rundskriv G-37/95. Ein naturleg språkleg forståing av «kostnader» er pengeutgift. Det har oppstått ein utgift som følge av å få vedtaket endra.

Tiltakshavar representant har i sitt krav kome med følgjande utgreiing:



Det vises til klage av 17. juli 2019, som ble tatt til følge i vedtak av 30. oktober 2019.

Driftskto: 1503 4
Klientkto: 1503 4

Det fremsettes med dette krav om sakskostnader, jf. fvl. § 36, for rimelige og nødvendige kostnader.

Det har totalt medgått 4,5 timer, å 1.600,- eks. mva. til saken, totalt kr. 9.000,- inkl. mva. Kostnadene har vært rimelig og nødvendige for å få endret vedtaket. Vedlagt følger timeliste.

Timer

Klient	291320 Jim Lilleskare	Person 0 - 9999						
Sak	119181 Fradeling boligtomt	Periode 0/0 - 11/2019						
		Dato - 30.11.2019						
Dato	Person	Aktivitet	Tekst	Antall	Sats	Beløp	Fakt.nr	Kr.note
11/07/2019	ANDREAS	Saksoppfølging		1,00	1.600,00	1.600,00		
10/07/2019	ANDREAS	Saksoppfølging		2,50	1.600,00	4.000,00		
2/07/2019	ANDREAS	Klientmøte		1,00	1.600,00	1.600,00		
Totalt:				4,50		7.200,00		

Kravet om at kostandene må være «vesentlige» er meint å skulle ekskludere småutgifter og parten sitt eige arbeid med saka. Til dømes utgifter til advokat og anna juridisk bistand vert omfatta av «vesentleg» kravet. Kommunen finn at utgiftene i denne saka må reknast for å vere «vesentlige».

Det følgjer av forarbeida at utgifter til advokat eller annen sakkyndig bistand er omfatta av fvl. § 36, jf. Ot.prp.nr.3 (1976-1977) s.102 femte avsnitt.:

«Som særlige sakskostnader kommer i første rekke i betraktning utgifter til advokat eller annen sakkyndig bistand.»

Kommune leggitil grunn at tiltakshavar har vore representert av advokat med påløpte utgifter.

I forarbeida til loven går det fram at utgifter kan krevjast dekka på nærare vilkår, jf. Ot.prp.3 (1976-1977) s. 102 sjetta avsnitt:

«Det vil likevel bare være kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket som vil kunne kreves dekket.»

I vurderinga av kva som er «nødvendig» må kostnaden være knytt til endring av vedtaket. Kostandene må vere pådratt frå vedtaksdato for det vedtaket som vert påklaga og til vedtaksdato for det vedtak som endrar det første vedtaket. I vår sak er kommunen sitt avslag datert 10.06.2019 og PMU sitt omgjæringsvedtak er datert 30.10.2019. Tidsperiode for kostnader knytt til endring av vedtaket er 10.06.2019-30.10.2019.

I utgreiing av sitt krav med vedlagte timeliste er kostnadene pådratt innanfor tidsperioden for kostnadar.

I vurderinga av kva som er «nødvendig» må det vere årsakssamanheng mellom dei påførte kostnadane med klagen og det vedtaket som endrar kommunen sitt oprinnelege standspunkt. Klientmøte og saksoppfølgles som reulterte i klage frå tiltakshavaras advokat, datert 17.07.2019, viser årsakssamenheng

mellom dei påførte kostnadane med klagen og det vedtaket som endrar kommunen sitt oprinnelege standspunkt. Det leggst til grunn at 4,5 timer til medgått arbeid har vore naudsynt for å få endra vedtaket.

VEDTAK:

Med heimel i forvaltningslova § 36 vert krav om dekning av sakskostnadar for utgifter til advokat innvilga.

Det vert innvilga sakskostnadar med kr. 7.200,- eks. mva, kr 9.000,- inkl. mva. Summen vert innbetalt Advokatfirmaet Høgseth DA sin klientkonto 1503.42.73003 og merka med saknr. 119181.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/30

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatfirma Høgseth DA
Jim Børge Lilleskare

Litleåsvegen 41 5132
Skarsvegen 657 5911

NYBORG
ALVERSUND

Mottakarar:

Advokatfirma Høgseth DA

Litleåsvegen 41 5132

NYBORG